

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 7. søndag i treeiningstida – 11. juli 2021

Preiketekst: Luk. 19, 1-10

Lesetekst I: Ord. 30, 7-9

Lesetekst II: 1. Tim. 6, 17-19

## Sommartekst om åndeleg lengsel

Me er komne litt ut i juli. I skrivande stund går debatten høgt om i kva grad me kan passera landegrensar framover. Noreg har i ein lang periode langt på veg stengt grensene. Men no ser det ut til at mykje vil opna seg.

Ved alle grensestasjonar møter me tollarane, både der ein reiser langs vegane, ved flyplassar og hamner. Tollarane er på plass. Dei skal verna samfunnet vårt ved å hindra innførsel av mellom anna narkotika og andre skadelege varer, samt å administrera kva som elles blir ført inn i og ut av landet. Tollarane har viktige samfunnsoppgåver på lik linje med politiet, vegvesenet, mattilsynet, skatteetaten og kystvakta. Interessant å observera at det ved Universitetet i Stavanger frå hausten 2021 er oppretta ei eiga bachelorgrad for tollarar. Det skal visst vera ualminneleg stor søkning til dette nye tilbodet!

### Å krysse grenser

Ei rar innleiing til ein tekstkommentar!? Ja – og nei. Forteljinga om Sakkeus handlar om åndeleg lengsel, og om Jesus som stig inn i heimen og livet til denne mannen slik at alt vert nytt. Men han er/var jo nettopp ein – tollar, om enn med litt andre oppgåver enn tollaren slik me kjenner dei. Og han var definitivt ikkje populær!

Det er altså dette som møter oss denne sommarsundagen, den sjuande sundagen i treeiningstida. Med fokus på reising og kryssing av landegrensar – og åndeleg lengsel. Kanskje ein og annan denne sommaren endåtil vil kryssa ei åndeleg grense, ved å erkjenne synd og sleppa Jesus inn i livet!?

Ofte vert forteljinga brukt i forkynning til born. Det er ho eigna til. Men somme gonger kan ein tendera til å gjera Sakkeus til ein litt latterleg figur. For alle aldrar er det flott å understreka at Jesus vil inn i liva våre. Og at det er mogleg den dag i dag å få leggja frå seg alt det som har øydelagt for oss, både i relasjonar me har til medmenneska våre, og til Gud sjølv.

### Djupt alvor

Det festlege ved denne teksten skal derfor ikkje strykast over. Men ein kjenner nok på at det er eit djupt alvor som veg tyngst. Tollarane, som Sakkeus, Levi (Matteus) og andre var forakta mellom folket. Det kan ein godt forstå. «Bibelsk Oppslagsbok» forklarar kva slags

band det var mellom tollarane og dei romerske okkupantane. Også i Noreg har me hatt nokre krigsår der ein og annan nordmann gjekk i teneste hjå okkupantane. Me har vore gjennom eit krevande landssvikaroppgjer. Debatten går framleis om kven som var dei eigentlege «heltane og skurkane» den gongen. For Sakkeus sin del var det altså ikkje berre det faktum at han tok seg grovt betalt. Men han var jøde – ein Abrahams son som Jesus seier det i 19,9 – og dermed nesten ein forrædar, i alle fall ein svikar. Me møter dette biletet mange gonger i Det nye testamente; Jesus et i lag med, eller i alle fall er saman med «tollarar og syndarar». Og folket står på utsida og er både forarga og fortørna – av Jesus, som menger seg med slike!

Eg har stundom undra meg over om det kunne vera fornedrande for Sakkeus å klatra i tre, slik han gjorde. Var det ein barneleik, som vaksne folk ikkje kunne driva med, utan å verta glodde på med forundra auge? Kanskje? Folk glodde nok på Sakkeus med ymse blikk i augene. Om han sprang i førevegen og klatra i tre, gjorde nok ikkje mykje frå eller til. Forakta var han.

### **Åndeleg lengsel**

Men dermed får ein også eit bakteppe for radikaliteten i det denne teksten handlar om. Denne mannen må ha visst om Jesus. Han visste tydelegvis også at han var på veg gjennom Jeriko denne dagen. Sakkeus kan ha høyrte kva Jesus hadde gjort for andre menneske. Kanskje hadde ein indre anger og uro gjort seg gjeldande? Samvitet hadde blitt sårt. Det livet eg lever, det held ikkje mål. Det må verta ei endring. Men det ville sikkert vera ytterst smertefullt å gå til romarane og seia opp stillinga si. Det ville ikkje verta forstått.

Då er det at Jesus ser han og snakkar direkte til han. Eg trur det løyste ut svært mykje for Sakkeus. Han tenkte nok å koma Jesus i møte, og i alle fall få eit glimt av han. Men han får så mykje meir. Jesus kjem i møte med tollaren. Kom ned frå treet, Sakkeus. Han sa endåtil: Skunda deg. I dag vil eg vera med deg inn i ditt hus.

### **Dyrt oppgjer**

Folkemengda får dette med seg. Dei murrar og knurrar: Tenk Jesus gjekk inn som gjest hjå ein tollar og syndar! Sakkeus var klar over dette. Han hadde truleg også tenkt ut korleis han skulle reagere. Halvparten av det han åtte, ville han gje til dei fattige. Og om han hadde truga pengar frå nokon, skulle dei få firedobbelt att. Han kjente nok heilt sikkert til reglane som stod i Lova for korleis han skulle gjera opp for seg. Les 2 Mos 22,1; 3 Mos 5,6; 4 Mos 5,7 og 2 Sam 12,6.

Oppgjeret ville kosta Sakkeus dyrt. Men det fekk stå til. No eller aldri. Han fekk sitt livs sjanse til å gjera opp og venda om og få eit nytt liv. Somme gonger kan det vera radikale saker. Mange av oss har erfaringar med det, i eigne familiar eller venekretsar.

Lesetekstane denne sundagen er ikkje gløymde. Dei er klåre og tydelege. -Lat svik og lygn vera langt borte frå meg, bed forfattaren av Ordtøka. Paulus skriv til Timoteus – og til oss i dag – at dei som har rikdom, ikkje skal vera overmodige, og heller ikkje setja lit til den uvisse rikdomen. Gjer det gode, ver rike på gode gjerningar, ver gavmilde og del med andre, lyder det frå brevet til Timoteus.

## **For jøde først**

Me ønskjer kvarandre ein god sundag, og god sommar, og god ferie, og god reise for dei som skal av gårde, og kanskje kryssa landegrensar – og møte tollarar. Teksten om Sakkeus minner oss sterkt om at me går på Raudt om me har noko å fortolla, og på Grønt når så ikkje er tilfelle.

Eg skulle berre ønskt at Lukas eller dei andre evangelistane hadde fortalt oss noko om korleis det gjekk for Sakkeus, og familien hans, etter at Jesus forlot Jeriko. Kanskje gjekk Sakkeus etter, opp til Jerusalem, for å sjå kva som no skulle skje? Kven er denne merkelege mannen som gav meg eit nytt liv?

Evangeliet er ei Guds kraft til frelse, for kvar den som trur, før jøde først (som Sakkeus) og så for grekar (alle oss ikkje-jødar). For Menneskesonen er komen for å leita opp og frelsa det som var fortapt.

## **Paul Odland**

pensjonert misjonsrådjevar i Den norske Israelsmisjon, Stavanger krets  
[stavanger@israelsmisjonen.no](mailto:stavanger@israelsmisjonen.no)